

Bane nr. 6.

FOLKELEGE MUSIKKINSTRUMENT

Denne spørjelista har til føremål å greia ut om våre folkelege musikkinstrument.

De. er skift i 4 bolkar:

A. Vanlege musikkinstrument, der det er sett opp 13 almenne spørsmål som skal svarast på for kvart einskild instrument. Dessutan er det sett opp nokre serskilde spørsmål frå a..b..c..d.. e.s.b. under sume av dei einskilde instrumenta. Desse spørsmåla høver det då best å svara på i samband med spm. 4.

B. Byinstrument.

C. Larmeinstrument og andre primitive instrument.

D. Mellomalderlege musikkinstrument.

- o - o - o -

Svara vil stundom kunna verta klårare dersom De kan setja opp små riss eller teikningar. Fotografi er òg av stort verdi.



BOLE A.

Almenne spørsmål som det skal svarast på for alle instrument i bolk A.

1)

Har instrumentet vore kjend i Dykkar bygd?
Kva namn har ein på instrumentet?
Kva namn har dei einskilde delene av instrumentet?

Dersom det finst lause deler som høyrer til instrumentet (t.d. bøge, fjørøpinne, felestøkk, harpehus... o.l.), kva kallar ein då slike?

Wijnt!

2)

Vart ein når instrumentet kom i bruk? Kvarifra kom det?

Har det gått or bruk? Når hende det? Vart det fortregnd av eit anna instrument? Kva for eit?

3)

Vart det ferdige instrumentet ført inn frå andre bygder eller landsluter? Kvarifra, og av kven? Eller vart det laga i Dykkar bygd? Kjenner De i så fall namn på folk som var serleg flinke til dette arbeidet? Kva tid levde dei? Lever dei enno? Det er av interesse å få kjennskap til så vel eldre som yngre instrumentmakarar i distriktet.

4)

Skildra instrumentet i form og spesielle detaljar. (Sjå òg dei serlege spørsmål under kvart einskild instrument og svar på dei i samband med dette spørsmålet.)

Namn og dei viktigaste mål: lengd (l) breidd (b) høgd (h) (der desse måla er størst) og andre mål som kan ha interesse.

Likeeins kor mange strenger eller fingerhol instrumentet vanleg har.

5)

Kva slag materiale vart instrumentet laga av? Vart materialet ført inn, eller var det heimleg vyrke?

6)

Forleis vart det laga? (Eit stutt framstilling av arbeidsmåten og reiskap som vart nytta.)

7169

7)

Med omsyn til strengeinstrumenta vil vi gjerne få vite:

a) Hva slag strenger vart brukt (tarmstrenger, tagelstrenger, metallstrenger...e.l.)?

b) Korleis fekk ein tak i strengene?

Vart dei laga av spelemennene?

Vart dei laga av serskilde strengemakarar?

Eller vart dei ført inn?

c) Korleis vart dei laga?

8)

Har instrumentet vorte bruggda frå det fyrst kom i bruk i bygda? Korleis?

9)

Korleis vart instrumentet brukt?

Fortel korleis ein spela på det, og korleis det vart halde under spelinga. Er det skilnad i gamal og ny tid? Vart det brukt ved serlege høve t.d. til å kalla saman folk, til å skrema dyr, til å lokka på feet, til dans eller liknande o.s.b.

10)

Kjenner De ymse variantar av instrumentet (same instrument med avvik i form, materiale, strengetal, fingerholtal, avstemming e.l.)? Har slike variantar nådd større utbreiing?

11)

Vart instrumentet prydd på spesiell vis? Korleis?

12)

Finst det overtru eller segner i samband med:

a) Opphavet til instrumentet?

b) Framstillinga av instrumentet?

c) Bruken av instrumentet?

Var det sett på spesielle teikn? Korleis var dei?

Var det vanleg med bumerke på instrumentet?

13)

Kjenner De nokon i Dykkar bygd som har vore (eller er) serleg flink til å spela på instrumentet? Eva tid levde han (ho)? Lever han (ho) ennå? Det er av interesse å få kjennskap til såvel eldre som yngre spelemenn som har kunna spela på instrumentet.

Instrument som det er spørsmål etter.

I)
Fele. (Vanleg fele, flatfele, dusingfele, tysk fele...) "

II)
Hardingfele. (Haringfele, hord-gigje?.....)

III)
Nyckelharpe. (Løkkelje, tangentfele.....) "

IV)
Vanleg harpe. (Bondeharpe, krokharpe)

V)
Langeleik. (Langspel, langhorpe)
a) Vart langeleiken spela med boge eller plekter (fjærøpinne)?

VI)
Humle. (Hummel.....)

VII)
Salmodikon, ogso bassalmodikon. (Monokord.....) *Jøynnar tid.*

VIII)
Ropar.
a) Vart han nokon gong brukt til å syngja i? "

IX)
Lur. (Langelur, gjøtarlur)

- a) Fanst det lurar laga av berre never? Kva slag? Korleis var dei rulla ihop? Hadde dei noko munnstykke?
- b) Var det lurar av berre tre? Korleis var dei samansette? Med lim, vidjetog, jarnband e.l.?
- c) Kjenner De lurar med fingerhol? Kor mange hol? *ni*
- d) Var det lurar som var krøkte eller av ein annan form enn den vanlege rette? Korleis var dei? *ni*
- e) Vart det brukt noko laust munnstykke? *ljønner ikkje til det*

*Ja
Spelas inni
minne i tungen
Kjenn av him
noko i ihop*

X)
Prillarhorn. (Pillarhorn, stut, tutarhorn, "bukkehorn")

- a) Korleis var blåseopninga, var det som på ein lur, der leppene lagar tonen, eller var det ei tre- (metall-) flis over opninga som laga tonen?
- b) Brukar ein berre fingerhola til å variera tonen, eller vert han variert ogso ved å dekkja av ein del av lydopninga med den frie handa?

*For bukkehornet var det borsitt
hal inn
til sjøkk
opninga*

4) Varierte oppret med hjelp av fingra

XI)
Vanleg fløyte. (Tussefløyte, tysfløyte, tyskfløyte ..) u

XII)
Andre fløyter. Seljefløyte, halmfløyte, sjøfløyte,
tverrpipe.

XIII)
Sekkepipe. (Belg-pijpe) u

XIV)
Munnhorpe. u

XV)
Spikarfele. u

XVI)
Tromme. *Tromma var brukt i brudlaup i gamle dager.*

XVII)
Dersom De skulle ha kjennskap til noko anna folkeleg musikkinstrument enn dei her nemnde, vil vi be om å få det òg med.



BOLK B.

Byinstrument.

1)
I kor stor mon har byinstrument (klaver, spinett, klavikord, hakeharpe, spissharpe, bratsch, cello, marintrompet, citer, gitar, lut, mandolin, klarinett, oboe, tverrfløyte, messinginstrumenter, positiv, trekkspill, o.s.b.) vore i bruk i Dykkar bygd?

*Wkjent innvi
primært*

2)
Vart dei berre brukt innan eit visst stand, (mellom embetsmenn o.l.) eller var det òg bygdefolk som spela på soverne instrument?

Vit ikkje!

39

Førde desse instrumenta med seg ny musikk til bygda?
Vart dei gamle slåttane òg spela på dei? Veit De om
den nye musikken i nokon mon vart teken opp på dei
gamle instrumenta?

*Virt
skjegg*



BOLK C.

Larmeinstrument og andre primitive instrument.

Det finst òg ein viss type instrument, som har til føremål å bråka, anten for å skræma vekk udyr, eller for å halda husdyr borte frå innmarka (hesteskramle, kråkesmelle o.l.). Like eins har vi enkle reiskap eller leikar til å laga lyd eller ulyd med, t.d. ved å halda strå mellom tommelfingrane og blåsa på det, blåsa i never, neverspel o.l. Og vi har sjølvklingande instrument, som vert sette til å "spela" med hjelp av ver og vind, t.d. eolsharpa. Og så har vi ymse slag klokkespel, triangel, avstemde treplater, o.l. Alt dette ville det òg vera av interesse å kjenna nærare. Om det er, eller har vore kjent noko slikt instrument i Dykkar bygd vil vi be om å få vita dette.

*Skredla
vart bruka
til å skræma
med både
gangande
og fjuktand
Skredla
vart bruka
til å skræma
borte om
høghagan*

1)
Kva namn har instrumentet hatt?

2)
Korleis såg det ut, gjerne nokre enkle skisser og mål.

3)
Korleis har det vore brukt?

4)
I kva høve har det vore brukt?



7169

BOLK D.

Mellomalderlege musikkinstrument.

Det er ein del instrument som vi no berre kjenner frå den gamalnorske litteraturen og einiskilde biletfremstillingar: giga, fidla, harpespel, o.fl., både strenge- og blåseinstrument.

Spørsmål vedkomande desse instrumenta kan vi vanskeleg venta å få svar på, men vi vil i alle høve røkja etter om nokon skulle ha høyrte om slike instrument innan bygda. Det kan vera segner eller soger som enno lever att. Vi ville og gjerne vita om nokon skulle ha kjennskap til at noko slikt instrument, eller deler av slike, enno eksisterar. (Vi har døme på at det kan ha vore teke vare på eit slikt instrument like til vår tid: rundlyra frå Kravik i Numedal. Og i grannelanda våre har slike instrument vore brukt heilt til i dag, t.d. talharpan i Svensk-Estland, og kantelen i Finland.) Dersom De kunne gjeva oss opplysning om slikt, ville vi vera sers takksame for det.

*Nitt
iklign*



For betre å klårleggja mange av spørsmåla, har Norsk Folkemuseum i emning ei utstilling av folkelege musikkinstrument sumaren 1948. For å få utstillinga så komplett som råd er, vil N.F. gjerne få låna inn sovorne instrument. Vi torer difor spørja Dykk om De har kjennskap til slike instrument eller deler av instrumenta i Dykkar bygd, og om De vil gjera så vel og senda oss ei liste med namn og adresse på folk som har slike, og skriva opp kva slag instrument dei har. Gjerne og: Omlag kva tid det er gjort og kven som har gjort det, dersom dette er kjent. Instrumenta vert halde assurert, og oppbevart i eldsikre hus. Kostnader ved frakt vert godtgjort av Norsk Folkemuseum.

